

# Budsjett 2021 Økonomiplan 2021-24

*Oppdatert pr 01.12.20*



## 1. Premissar

Fremskrittspartiet og Høgre legg med dette fram alternativt Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 for Bjørnafjorden kommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettdokument lagt fram 27.10.20 via portalen Framsikt. Der FrP og H har endringsframlegg eller føringar i høve kommunedirektørens budsjettdokument er dette kommentert nærmere under.

## 2. Overordna perspektiv – Bjørnafjorden 22

Bjørnafjorden kommune står overfor store økonomiske utfordringar etter samanslåinga av Os og Fusa. Kommunedirektøren har difor lansert omstillingsprosjektet Bjørnafjorden 22, der driftsbalanse skal betrast med 90 mill kr fordelt med 40 mill kr i 2021 og 50 mill kr i 2022.

Målsettinga er at ein over dei neste to åra skal tilpassa organisasjonen til den nye økonomiske situasjonen for Bjørnafjorden, og at ein i deretter skal kunne leggja fram årsbudsjett med +1,75% i netto driftsresultat i tråd med statlege forventningar.

Å betra driftsbalanse med 90 mill kr er ei krevjande oppgåve, som krev evne og vilje til tydeleg politisk prioritering. I høve kommunedirektøren sitt framlegg til kuttlister for 2021 meiner FrP/H at ein i større grad må redusera på administrative funksjonar tidleg i prosjektperioden. Dette vert kommentert nærmere under.

FrP/H legg til grunn at alle verkemiddel må vurderast i arbeidet med Bjørnafjorden 22, og vil spesielt peika på;

- Endra arbeidsmetodikk, effektivisering, digitalisering, fjerna dobbeltarbeid
- Henta ut gevinstar av kommunesamanslåinga
- Reduksjon i tal årsverk, - primært i administrative funksjonar
- Lovfesta oppgåver vs ikkje lovpålagte oppgåver
- Tenestestruktur og harmonisering av tenester
- Konkurranse i tenesteproduksjonen
- Effektiv innkjøpsstrategi og kostnadskontroll i investeringsprosjekta
- Sal av eide dom og eide delar kommunen ikkje nyttar i tenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskotsordningar
- Bruk av KOSTRA-tal for å avstemma tenestenivået i Bjørnafjorden mot relevante nabokommuner/landsgjennomsnittet (årlege rapportar frå 2020 som syner utvikling over tid)

Som tenesteprodusent er kommunen også ei arbeidsintensiv verksemد. Å betra driftsbalanse med +/- 90 mill kr vil difor ikkje kunne skje utan reduksjon i samla tal årsverk i organisasjonen. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordelar, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å styrkja kommuneøkonomien i valperioden.

FrP/H legg difor til grunn at arbeidet i Bjørnafjorden 22 skal byggja på eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde. Erfaring frå m.a. liknande prosess i Os kommune i 2001/02 syner at naudsynt nedbemanning i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, vurdera alle vakante stillingar før tilsetting, stillingsbank, seniortiltak osv.

I høve nedbemanningsprosessen er det også viktig at ein ser på heile organisasjonen. FrP/H vil difor be om at kommunedirektøren vurderar årsverksreduksjonar i den samla leiarstrukturen i kommunen, også i kommunedirektøren si leiargruppe.

Politisk rapportering på Bjørnafjorden 22 må bli betydeleg betre framover enn det vi har fått i 2020. Rapporteringa må skje skriftleg og detaljert til formannskapet, og på meir overordna nivå til kommunestyret.

Eit overordna målekriterium på kor effektiv den samla kommunale organisasjonen er, vil vera tal innbyggjarar/kommunalt årsverk. Dvs. kor mange innbyggjarar vi klarar å betena pr kommunalt årsverk. FrP/H ynskjer difor at dette vert ein del av det overordna målekortet for Bjørnafjorden kommune.

FrP og Høgre vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra økonomien;

- I størst mogeleg grad skjerma tenestetilbodet til den enskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den ytre tenesteproduksjonen
- Prioritere primæroppgåvene barnehage, skule, helse og omsorg framfor andre oppgåver

I 2020 er det igjen etablert ein marknad med fleire leverandørar av tenestepensjon. Dei tilsette sine rettar knytt til pensjon vil være dei same uavhengig av kva pensjonsforsikringsleverandør kommunen nyttar. FrP/H meiner difor at kommunen må gjennomføra ein anbodsprosess for tenestepensjon i 2021. Førebelse utrekningar syner at kommunen kan få redusert den årlege pensjonspremien med 3-4 mill kr pr år, ein treng ikkje setja av 4 mill kr til eigenkapitalinnskot og at ein konkurranse kan løysa ut vesentlege kursreservar som kan setjast av til premiefond. I økonomiplanperioden kan difor konkurranseutsetting av tenestepensjonen gje eit vesentleg bidrag til å nå måla i Bjørnafjorden 22.

### **3. Driftsbudsjett**

#### **3.1 Driftsinntekter**

FrP/H legg i hovudsak kommunedirektøren sine inntektsrammer for rammetilskot, skatteinngang, Havbruksfond, gebyrinntekter o.l. til grunn i dette alternative budsjettet.

Partia er også samd med kommunedirektøren i at ein vidarefører tradisjonen med å ikkje budsjettera med avkastning frå finansporteføljen.

I etterkant av kommunedirektøren sitt framlegg av 27.10.20 er det også klargjort at Bjørnafjorden kommune får ein auke i rammetilskotet på kr 20 445 000 til dekking av

meirutgifter/mindreinntekter knytt til koronapandemien for 1.halvår 2021. FrP/H legg til grunn at dette tilskotet vert avsett som eit *Bufferfond korona* i budsjettet for 2021.

Dersom endeleg vedteke statsbudsjett gjev endringar for kommunesektoren må dette innarbeidast i budsjettet for Bjørnafjorden kommune. Eit aktuelt tema er t.d. pensjonsberekinga for private barnehagar.

Elles aukar FrP/H forventa utbytte frå BIR med 1 mill kr. I tillegg vert satsen for leige av båtplass i Oselvo, samt satsar for bobil og fritidsbåtar Osøyro/Eikelandsosen justert noko opp i tråd med prisnivået i andre tettstader.

### 3.2 Driftsutgifter

Med den økonomiske utfordringa som Bjørnafjorden kommune står ovanfor, er dette ikkje tida for å lansera nye store tiltak med driftskonsekvens.

FrP/H har imidlertid funne rom for å reversera nokre av kutttiltaka på helse og velferd, lagt inn midlar til Chromebook for alle elevar i Bjørnafjorden, reversert kutt til næringsorganisasjonar og lagt inn 2 mill kr til kultur og idrett i 2021. Alle desse tiltaka er viktig for å motverke negative konsekvensar av koronapandemien.

For å redusere varige driftskostnader er det lagt opp til årsverksreduksjon på sektorområda Stab og Samfunnsutvikling med halvårseffekt i 2021.

Dei samla endringane i driftsbudsjettet kjem fram i tabellen under;

Tiltak	2021 (1000 kr)	2022 (heilårseff.)
<b>Fellesområde</b>		
Auka utbytte BIR	-1 000	-1 000
Folkevalde organ (sjå tekst)	-300	-300
Tilskot v/kremasjon	330	330
Tilskot Radios	75	75
Kaukus	-35	-35
Reversere kutt i bonusløn VTA - Os ASVO	250	250
<b>Stab</b>		
Reduksjon årsverk (10%) - 1/2-årsverknad	-2 000	-4 000
<b>Oppvekst</b>		
Chromebook til alle elevar	2 000	2 000
<b>Helse og velferd</b>		
Reversera kutt kreft-, kols- og diabetesteam	1 475	2 950
Reversera kutt Tryggleikssjukepleiar	375	750
Reversera kutt Kreftkoordinator	400	800
Fjerne husleie Barongården		-2 500

Kommunalstilling Os ASVO	350	700
<b><u>Samfunnsutvikling</u></b>		
Tilskudd Bjørnafjorden Næringsråd	300	300
Tilskudd Visit Bjørnafjorden	250	250
Turistkontor	100	100
Kulturmillion knytt til korona	1 000	
Idrettsmillion knytt til korona	1 000	
Reduksjon årsverk (10%) - 1/2-årsverknad	-5 000	-10 000
Ikkje realisera nytt tiltak BUA	-400	-400
Reversere kutt sommervikarar teknisk	350	350
Auka sats båtplass Oselvo ( kr 10 000,-)	-50	-50
Auka sats bubar/fritidsbåtar Os Hamn - ny sats kr 200,-	-100	-100
<b>Sum endringar</b>	<b>-430</b>	<b>-9 330</b>
Mogeleg effekt av anbod på tenestepensjon (i driftsbudsjettet)		-8 000
<b>Sum 2022-effekt</b>	<b>-630</b>	<b>-17 530</b>
Tilleggsløying korona 1.halvår 2021	-20 445	

### Fellesområdet

Kommunedirektøren hadde i sitt framlegg lagt opp til ein reduksjon på 500 000 kr knytt til Folkevalde organ – digitale møter/færre møter. FrP/H meiner det er rett at også politikarane må bidra i omstillingsprosessen, og for å sikra at nedtrekket vert reelt, vel vi å avvikla Tenesteutvalet for resten av denne valperioden. Arbeidsoppgåvene til Tenesteutvalet vert overført Formannskapet. I tillegg reduserer FrP/H godt gjerslene til folkevalde med 10%. Samla nedtrekk på Folkevalde organ vert etter desse endringane kr 800 000.

I tillegg meiner vi Kaukus som plattform for innkalling av vararepresentantar kan avviklast.

Tilskotet på kr 75 000 til beredskapsradioen RadioOs vert vidareført.

Det same vert tilskotet på kr 330 000 til kremasjon. Dette vert enda viktigare i høve utsettinga av utvidinga på Nore Neset gravplass (sjå investeringsbudsjettet under).

### Stab

I følgje kommunedirektøren er det realistisk med ein reduksjon i årsverk innan Stab på 10%. FrP/H meiner at denne administrative innsparinga må realiserast tidleg i Bjørnafjorden 22, og har lagt inn kr 2 000 000 i halvårseffekt for 2021.

### Oppvekst

I budsjettet kjem det fram at fleste elevar på både barne- og ungdomstrinnet har Chromebook som digitalt verktøy. På Os-sida er det imidlertid framleis omlag 700 elevar på barnetrinnet utan Chromebook. Dette bør, ikkje minst i lys av koronapandemien, rettast opp og FrP/H sett av kr 2 000 000 pr år til tiltaket. Dette sikrar også kontinuerleg utskifting av maskinparken.

P.t. er det relativt stor forskjell i tilgjengeleg AV-utstyr (audiovisuelt utstyr) ved skulane i Bjørnafjorden. FrP/H vil signalisera vilje til å nytta delar av eit eventuelt overskot på 2020-rekneskapen for å løfta opp dei skulane som treng oppgradering av AV-utstyr.

### **Helse og velferd**

Førebygging er viktig både for den einskilde brukar, og for å redusera kostnader til helsetenester på sikt. Difor reverserer FrP/H fleire kutt tiltak innan Eining for førebygging og habilitering. Dette gjeld kreft-, kols- og diabetesteamma, tryggleikssjukepleiar og kreftkoordinator. For nokre av desse tenestene har Bjørnafjorden også forpliktingar ovanfor Samnanger kommune. Totalt vert det lagt inn att kr 2 225 000 i 2021 (halvårseffekt) på helse- og velferdsområdet.

FrP/H legg også til grunn at kommunal stilling knytt til Os ASVO vert vidareført for å sikra fem brukarar VTA-plass (Varig Tilrettelagt Arbeid). Partia reverserer også kuttet i bonusløn for VTA-plassane. Samla kostnad med desse tiltaka er kr 600 000 i 2021.

FrP/H går i mot at basen for Open omsorg (heimetenestene) vert lagt til Baronsgården. I ein 2-3 årsperiode er alternativet i kontorfløyen i Lyssand-fabrikken ei akseptabel løysing for tenesta, men FrP/H vil understreka at kommunestyret snarast må ta stilling til ei permanent lokalisering av Open omsorg.

Vår vurdering er at det er to aktuelle lokaliseringar for både Open omsorg og Hjelpemiddelsentralen; - felles nybygg v/parkeringa på Lurane eller ombygging av delar av gamle Os sjukeheim. Det er hensiktsmessig at desse tenestene er samlokalisert, og nært knytt til omsorgssenteret Luranetunet. FrP/H fremjar på denne bakgrunn eit eige verbalforslag for å greia ut endeleg lokalisering av Open omsorg/Hjelpemiddelsentral, samt ta stilling til framtidig bruk av Os Sjukeheim.

I driftsbudsjettet for 2021 legg FrP/H til grunn melding frå kommunedirektøren om at leigekostnader til Lyssandfabrikken vert dekkja innan ramma til Helse og velferd. I tillegg legg FrP/H med denne modellen til grunn at kr 2 500 000 avsett til leige av areal for Open omsorg i Baronsgården vert tatt ut frå 2022.

### **Samfunnsutvikling**

I lys av koronapandemien kan ikkje FrP/H akseptera kutt i støtta til Bjørnafjorden Næringsråd og Visit Bjørnafjorden. Deira rolle vert endå viktigare i åra framover. I høve reiselivet, som er ei av dei hardast råka næringane, er det også viktig å vidareføra turistkontoret på Osøyro. I alt legg FrP inn att kr 650 000 til næringsføremål.

Idretten og kultursektoren er også hardt råka av koronapandemien. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er dei sokalla KUP-midlane (Kulturelt Utviklings Program) på 1,2 mill kr kutta. FrP/H vil motverka dette og set av kr 2 000 000 til friviljug sektor, fordelt med ein koronamillion til idretten og ein koronamillion til kultursektoren i 2021.

Også på Samfunnsutvikling meiner FrP/H det samla sett er rom for 10% reduksjon i tal årsverk, og vi legg inn halvårsverknad med kr 5 000 000 i 2021. Årsverka må fordelast mellom dei ulike einingane i sektoren, men også her må ein freiste å redusere administrative funksjonar før tilbod retta direkte mot publikum.

Vi meiner det ikkje er rett å etablera nye tiltak som BUA (utlånssentral for idrettsutstyr) i den økonomiske situasjonen kommunen står i. Dette handterast delvis av idrettslaget allereie i dag, og i sosiale medium er det etablert grupper for formidling av idrettsklede og –utstyr.

FrP/H reverserer også kuttet i bruk av sommarvikarar i de tekniske tenestene.

Etter at Os Hamn vart rusta opp med bobilparkering og nye moloar vart døgnleige for bubar og fritidsbåtar satt bevisst lavt for å byggja opp destinasjonen. FrP/H meiner no det er rom for ein moderat auke i leigesatsane frå 150 kr til 200 kr pr døgn. Dette er også i tråd med satsane i samanliknbare hamner. FrP/H legg til grunn at denne satsen også vert gjeldande for bobilparkeringa i Eikelandsosen.

### **Realisering av Baronsgården**

FrP/H er positiv til å få realisert Baronsgården som forretningsbygg på Osøyro. Baronsgården er eigd av Os Bygg og Eigedom AS, men kommunen kan evt. bidra til å fylla opp areala som leigetakar i kontordelen av bygget. FrP/H seier nei til å flytta base for Open omsorg til Baronsgården, men registrerer at kommunen i dag leiger fleire andre kontorlokale på Osøyro (Brugata, Torggata, Smiegården, Idrettsgården). I sum utgjer dette vel 1500 kvm, og felles for alle leigeavtalane er at dei går ut innan 31.12.22. Om ein samlar nokre av desse kontortenestene i Baronsgården kan dette bidra til å realisera prosjektet.

## **4 Investeringsbudsjett**

FrP/H syner til kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett, og sluttar seg i hovudsak til prioriteringa av dei ulike investeringsprosjekta.

Vi fremjar i tillegg følgjande endringar / merknader;

### **a). Gravplass Nore Neset**

Basert på notat frå Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd av 13.11.20 kan utvidinga på Nore Neset gravplass skyvast ut i tid til 2027/-28. Dette føreset at ledig areal på Kuventræ gravplass vert rusta opp til urnegraver og namna minnelund – kostnad ca 3 mill kr, samt at ein legg til rette for ei namna minnelund på Nore Neset gravplass – kostnad ca 400 000 kr. FrP/H legg difor inn 3,4 mill kr i 2021 til desse tiltaka.

### **b). Bufellesskap PU**

Tiltaket ligg inne med 42 mill kr fordelt på 2021 og -22. FrP/H meiner tiltaket bør realiserast på den gamle barnehagetomta på Søfteland (Furuflaten), og legg til grunn at prosjektet utløyser vesentleg finansieringstilskot frå Husbanken.

### **c). Open omsorg / Hjelpemiddelsentral – lager**

FrP/H legg til grunn at desse tenestene bør samlokalisera, og at ein i 1.kvartal 2021 må ta endeleg stilling til om det skal byggjast nytt fellesbygg v/parkeringsplassen på Lurane eller om tenestene kan leggjast til delar av gamle Os sjukeheim. Uansett vil tiltaket krevja investeringsmidlar i 2021-22. FrP/H legg derfor inn 45 mill kr fordelt på 2021 og -22.

### **d). Rammeløyving avlaupsprosjekt og vassprosjekt**

FrP/H reduserer rammeløyvingane til avlaups- og vassprosjekt med 10 mill kr pr år. Dette vil på sikt også bidra til å redusere vass- og avlaupsgebyra i kommunen. I tillegg ber FrP/H om at formannskapet får detaljert rapportering på prosjektnivå for desse rammeløyvingane.

#### e.) Liv i Bjørnafjorden

Liv i Bjørnafjorden er ført opp med 3 mill kr kvart år i økonomiplanperioden. Det er viktig at prosjekt som ferdigstilling av Elveplassen, gangveg langs Oselvo og gangbru over Oselvo ikkje stoppar opp. I det tidlegare Liv på Øyro-prosjektet forplikta den gang Os kommune seg i eit samarbeid med grunneigarane på Osøyro, og denne forpliktinga til kontinuerleg å arbeida for auka attraktivitet i kommunesenteret bør ikkje stoppa opp. I tillegg må Liv i Bjørnafjorden vurdera kva utviklingsprosjekt som skal prioriterast i Eikelandsosen og evt. andre stader.

#### f.) Rammeløyving rullande materiell

Løyvinga til rullande materiell vert redusert med kr 1 500 000 pr år. Sjå også verbalforslag om maskinpark.

Tiltak	2021	2 022	2023	2 024
Urnegraver / namna minnelund Kuventrä (380 pl.)	3 000 000			
Namna minnelund Nore Neset (60 pl.)	400 000			
Utviding Nore Neset gravplass 2027/28		-15 000 000	-14 000 000	
Hjelphemiddelsentral og base Open omsorg - Lurane	15 000 000	30 000 000		
Opprinneleg prosjekt hjelphemiddelsentral	-7 400 000			
Avlaupsprosjekt	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Vassprosjekt	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Rullande materiell	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
<b>Sum endringar</b>	<b>-10 500 000</b>	<b>-6 500 000</b>	<b>-35 500 000</b>	<b>-21 500 000</b>

## 5. Betalingssatsar, avgifter, gebyr

I tillegg til endringane knytt til leige av båtplass i Oselva og døgnleige bubilar og fritidsbåtar har FrP/H to forslag til endringar i gebyrstrukturen på plan- og byggesaksområdet.

#### Gebyr i tidleg planfase

Bergen kommune har i sin gebyrstruktur gitt rom for innleiande rettleiingsmøter til kr 7 420 før ein evt. gjennomfører formelt oppstartsmøte knytt til reguleringsplanar. Derved vert kostnaden i den tidlege planfasen redusert for tiltakshavar. For å stimulera til auka aktivitet i byggebransjen legg FrP/H til grunn at Bjørnafjorden kommune inn til vidare tilbyr innleiande rettleiingsmøte utan å ta gebyr for dette.

«§ 2-4 VEILEDNINGSMØTER OG OPPSTARTSMØTER MED PÅFØLGENDE ARBEIDSMØTER Plan- og bygningsloven § 12-8.

*Veiledningsmøte i forkant av oppstartsmøte, pr. møte kr 7 420*

*Oppstartsmøte detaljregulering, jf. § 12-8 med påfølgende arbeidsmøter. kr 36 050*

*Det er mulig å bestille et veiledningsmøte for å avklare eventuelle utfordringer på et tidlig stadium av planprosessen, og før oppstartsmøte.»*

*Sitat frå gebyrregulativ Bergen kommune*

FrP/H fremjar difor slik endring;

**Før formelt oppstartmøte detaljregulering, jf. §12-8, kan ein tinga rettleiingsmøte for å avklara utfordringar på eit tidleg stadium av planprosessen. Bjørnafjorden kommune tek ikkje gebyr for rettleiingsmøte.**

#### Gebyr på dispensasjonar

P.t. har Bjørnafjorden kommune eit gebyr på 19400 kr pr dispensasjon, avgrensa til maks 2 gebyr i same byggesak. Bergen kommune har i sitt gebyrregulativ eit gebyr på 6 000 kr pr dispensasjon/fritak, men inga avgrensing i høve maksimalt tal dispensasjonar. Det vil sei at om ei byggesak t.d. krev fire dispensasjonar vert gebyret 4 x 6 000,-, dvs. kr 24 000,-

*«§ 3-18 DISPENSASJON FRA PLAN- OG BYGNINGSLOVEN MED TILHØRENDE FORSKRIFTER OG SØKNAD OM UNNTAK / FRITAK FRA TEKNISKE KRAV  
Det fastsettes gebyr per dispensasjon og unntak/fritak i søknaden. Gebyr for dispensasjon eller unntak/fritak fra tekniske krav kreves uavhengig av om saken avslås/trekkes For søknad om dispensasjon eller søknad om unntak/fritak. 6.000,-.»*

*Sitat frå gebyrregulativ Bergen kommune*

FrP/H fremjar difor slik endring;

**Gebyr for dispensasjonar frå PBL §3-18 med tilhøyrande forskrifter og søknad om unntak/fritak frå tekniske krav vert sett til kr 6000,-. Avgrensinga om maks. to gebyr ved fleire dispensasjonar vert fjerna.**

## 6 Økonomiplan 2021-24 – samla oversikt

Tabellen under syner dei samla endringane i FrP/H sitt driftsbudsjett 2021-24 i høve kommunedirektøren sitt framlegg.

<b>Sentrale inntekter</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Skatt på inntekt og formue	-794 880	-794 880	-794 880	-794 880
Ordinært rammetilskudd	-323 842	-301 909	-687 269	-687 269
Andre generelle driftsinntekter	-32 088	-28 538	-28 538	-28 538
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-1 150 810</b>	<b>-1 125 327</b>	<b>-1 510 687</b>	<b>-1 510 687</b>

<b>Netto driftsramme per område</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Frie inntekter og Finans	0	0	0	0
Fellesområde	52 472	56 636	57 472	56 636
Stab	76 101	70 601	70 601	70 601

Oppvekst	660 666	653 666	648 666	646 666
Helse og velferd	100 050	87 875	480 235	480 235
Samfunnsutvikling	129 120	114 520	112 520	112 520
Investeringsprosjekt	0	0	0	0
<b>Driftsutgifter per tjenesteområde</b>	<b>1 018 409</b>	<b>983 298</b>	<b>1 369 494</b>	<b>1 366 658</b>
Korr. finansutgifter i tjenesteområdene	-13 045	-14 966	-16 633	-18 476
Korr. avsetninger i tjenesteområdene	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivinger i tjenesteområde	70 276	70 276	70 276	70 276
<b>Brutto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-75 170</b>	<b>-86 719</b>	<b>-87 550</b>	<b>-92 229</b>

<b>Netto finansutgifter og inntekter</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Renteinntekter og utbytte	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	49 241	50 982	56 500	59 813
Avdrag på lån	119 601	120 465	122 870	122 535
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	-54 316	-58 474	-62 141	-65 942
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>106 526</b>	<b>104 973</b>	<b>109 229</b>	<b>108 406</b>
Finansutgifter i tjenesteområdene	13 045	14 966	16 633	18 476
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>119 571</b>	<b>119 939</b>	<b>125 862</b>	<b>126 882</b>
Motpost avskrivninger	0	0	0	0
Motpost avskrivinger i tjenesteområdene	-70 276	-70 276	-70 276	-70 276
<b>Netto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-25 875</b>	<b>-37 056</b>	<b>-31 964</b>	<b>-35 623</b>

<b>Avsetninger og årsoppgjørsdisposisjoner</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Til ubundne avsetninger	1 430	33 056	27 964	31 623
Avsetting koronafond 1.halvår 2021	20 445			
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	0
Overført til investering	4 000	4 000	4 000	4 000
Netto avsetninger	25 875	37 056	31 964	35 623
Netto avsetninger i tjenesteområdene	0	0	0	0
<b>Totale avsetninger</b>	<b>25 875</b>	<b>37 056</b>	<b>31 964</b>	<b>35 623</b>

	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
<b>Årsoverskudd (-)/Årsunderskudd (+)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 7 Verbforslag

Nedanfor følgjer verbforslag som FrP/H ynskjer separat voting over under handsaminga av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 i kommunestyret.

### 7.1 Maskinpark teknisk område

Innan byggvedlikehald, veg, grønt og VA-anlegg har kommunen i dag ein kombinasjon av kjøp av tenester og arbeid i eigenregi. Knytt til eigenregien har kommunen også ein omfattande maskinpark som vert nytta i dei ulike oppdraga som kommunen utfører sjølve. FrP/H er opptatt av effektiv bruk av maskinparken, og at investeringane står i forhold til den brukstid vi får på maskinparken. Om brukstida vert for låg, kan innleige av maskiner for kortare periodar eller å setja bort oppdrag til private entreprenørar, vera meir kostnadseffektivt enn å eiga maskinparken sjølv. Spesielt gjeld dette for dei tyngste maskinene innan anleggsarbeid.

FrP/H ynskjer difor at administrasjonen gjer ei vurdering av maskinparken og den balansen vi i dag har mellom kjøp av tenester og eigenregi. Her må ein også vurdera bruken av rammeavtalar innan ulike fag.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greia ut balansen mellom kjøp av tenester og eigenregi innan dei tekniske tenestene, og fremja dette som eiga sak til formannskapet innan 01.07.21**

### 7.2 Seksjonering politistasjonen/adm.bygg Ohara

Kommunen er i ferd med å ferdigstilla no kombinert politistasjon og administrasjonsbygg for Ohara på Moberg. Politisk har det over tid vært tatt til orde for at bygget bør seksjonerast. Det vil gje ei tydeleg fordeling av kostnadane knytt til sjølvkostområdet (Ohara) og Politistasjonen, og gje høve til sal av politistasjonen som ikkje er ein del av kommunen si kjerneverksemd. Alternativt kan ein for å frigjera kapital vurdera sal av heile bygget. Eit bygg av denne typen, med langsiktige offentlege leigetakrar, er attraktivt for regionale og nasjonale næringsinvestorar.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber kommunedirektøren om å effektuera seksjonering og evt. sal av heile eller deler av administrasjonsbygget til politiet og Ohara på Moberg.**

### 7.3 Permanent lokalisering av Open omsorg / Hjelphemiddelsentral

FrP/H legg til grunn at base for Open omsorg (heimetenestene) på Os-sida av kommunen midlertidig, for ein 2-3 årsperiode, vert lagt til eksisterande kontorlokale i Lyssand-fabrikken.

Kommunen bør uansett snarast avklara permanent lokalisering for desse tenestene, slik at ein har ferdig nye lokale når leigeperioden i Lyssand-fabrikken går ut. Utgreiing, prosjektering, anbodsprosess og byggeperiode tek fort 2 år.

Vår vurdering er at det er to aktuelle lokaliseringar for både Open omsorg og Hjelpemiddelsentralen; - felles nybygg v/parkeringa på Lurane eller ombygging av delar av gamle Os sjukeheim. Det er hensiktsmessig at desse tenestene er samlokalisert, og nært knytt til omsorgssenteret Luranetunet.

I vurderinga av kva alternativ som er best må ein også sjå på dei langsiktige konsekvensane for utvikling av omsorgstenestene i området Lurane. Ved nybygg vert tomten v/dagens parkeringsplass punktert, og ein må evt. ta omsyn til seinare byggetrinn for nye sjukeheimspllassar på arealet. I høve Os sjukeheim må ein vurdera kva desse areala alternativt kan nyttast til. Tidlegare har det m.a. vore uttrykt at den ikkje er spesielt godt eigna til sjukeheimspllassar pga. låg takhøgde/ventilasjon. Dette må utgreiaast nærmere av byggteknisk kompetanse.

FrP/H fremjar på denne bakgrunn eit eige verbforslag for å greia ut endeleg lokalisering av Open omsorg/Hjelpemiddelsentral, samt ta stilling til framtidig bruk av Os Sjukeheim.

#### Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber kommunedirektøren om å etablera eit prosjekt for å avklara permanent lokalisering av Open omsorg / Hjelpemiddelsentral. Prosjektet må vurdera føremoner og ulemper med;**

- 1.) felles nybygg v/parkeringa på Lurane
- 2.) ombygging av delar av gamle Os sjukeheim.

**Prosjektet må også ta stilling til den langsiktige bruken av Os Sjukeheim, - er bygningskroppen teneleg for Open omsorg / Hjelpemiddelsentral, omsorgsbudstader, heildøgns omsorg/sjukeheimspllassar, andre tenester.**

**Om naudsynt kan kommunedirektøren nyta ekstern byggteknisk kompetanse i prosjektet.**

**Sak skal leggjast fram for politisk handsaming innan 01.04.2021.**

#### 7.4 Organisering av Os Hamn

Styringsgruppa for Liv i Bjørnafjorden bør gjera ei nærmere vurdering av korleis utviklinga og drifta av Os Hamn best kan organiserast for framtida (integrert i den kommunale organisasjonen, eige KF, AS). I arbeidet må ein og ta høgde for at utviklings- og driftsorganisasjonen kan ta opp i seg tilsvarande oppgåver i t.d. Eikelandsosen eller andre stader.

#### Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber Liv i Bjørnafjorden om å greia ut ulike utviklings- og driftsmodellar for Os Hamn.**

#### 7.5 Tenestepensjon på anbod

I den økonomiske situasjonen Bjørnafjorden kommune er i må ein vurdera alle kostnadsreduserande tiltak. I det siste er det igjen etablert fleire aktørar i marknaden for

tenestepensjon, og Os kommune har tidlegare hatt positive økonomiske resultat av å konkurranseutsetja tenestepensjonsordninga. I år gjennomførte også Vestland fylkeskommune tilsvarende anbodsprosess med gode resultat.

Ei evt. konkurranseutsetjing vil ikkje påverka pensjonsvilkåra for den einskilde arbeidstakar, men kommunen kan få lågare årleg pensjonspremie, få frigjort kursreservar som kan setjast av til premiefond og ved eventuelt skifte av leverandør vil eigenkapitalinnskot i KLP bli frigjort.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber komunedirektøren om å gjennomføra anbod på tenestepensjon for Bjørnafjorden kommune i løpet av 2021. Eksisterande avtale må seiast opp innan tidsfristen hausten 2021, slik at eventuelt skifte av leverandør kan skje frå 2022.**

### [7.6 Sal av eidegod](#)

Som del av Bjørnafjorden 22-prosjektet skal Egedomsutvalet arbeida med utvikling og sal av eidegommar som kommunen ikkje nyttar eller har planar om å nytta i framtida. Dette arbeidet er forseinka i 2020, ogmå ha høg prioritet i 2021. FrP/H meiner komunedirektøren må vurdera om kommunen pr i dag er rigga med naudsynt egedomskompetanse for sikra eit best mogeleg resultat av tiltaket. Nokre eidegommar skal kanskje vidareutviklast med konsept og reguleringsplan før sal, eksisterande bygningsmasse skal vurderast og evt. rustast opp før sal, verdivurderingar skal gjerast osv. Om kommunen p.t. ikkje fullt ut sit på denne kompetansen kan dette t.d. løysast ved kjøp av tenester, evt. etablering av ei tidsavgrensa prosjektstilling.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber komunedirektøren vurdera om kommunen sit på naudsynt kompetanse for å sikra eit godt resultat av egedomsprosjektet som ligg i Bjørnafjorden 22.**

### [7.7 Parkeringsløysing Osøyro](#)

Kommunen har over tid hatt utfordringar med den samla parkeringskapasiteten i kommunesenteret Osøyro. Problema er spesielt knytt til manglande turnover på korttidsplassar som primært skal nyttast av kundar som har ærend i sentrum. Frustrasjonen i den lokale handelsstanden er til tider stor. Tidlegare tilrådd løysing med SesamSesam vart av ulike grunnar lagt vekk før implementering. I løpet av 2021 vert også nytt parkeringsanlegg under grusbanen v/Os ungdomsskule opna.

FrP/H meiner difor kommunen må ta opp att prosessen med å få på plass ei løysing for handheving av parkeringsreglane på Osøyro.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber komunedirektøren om å starta opp at arbeidet med ei digital løysing for handheving av parkeringsreglane på Osøyro.**

## **7.8 Nedbemanningsprosess**

Skal ein nå måla i Bjørnafjorden 22-prosjektet må tal årsverk i organisasjonen reduserast. I høve ein slik nedbemanningsprosess er det viktig at ein ser på heile organisasjonen. FrP/H vil difor be om at kommunedirektøren vurderar årsverksreduksjonar i den samla leiarstrukturen i kommunen, også i kommunedirektøren si leiargruppe.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber om at kommunedirektøren som del av Bjørnafjorden 22-prosjektet vurderar årsverksreduksjonar i den samla leiarstrukturen i kommunen, også i kommunedirektøren si leiargruppe.**

## **7.9 Digitalisering**

Digitalisering er eit viktig tiltak i Bjørnafjorden 22-prosjektet. FrP/H ønskjer difor at formannskapet får ei grundig orientering om og oversikt dei IT-systema kommunen no nyttar, digitaliserte prosessar, tenester på nett, innbyggjardialog m.m. Vi er opptekne av at dei verktøya vi nyttar i organisasjonen må være effektive og enkle å nytta både for tilsette og innbyggjarar. Orienteringa må ta opp i seg om dei sentrale IT-systema er funksjonelle, har låg brukarterskel og er eigna som verktøy i organisasjonen.

Framlegg til vedtak:

**Kommunestyret ber kommunedirektøren om å leggja fram ei samla sak for formannskapet som syner status for digitaliseringsarbeidet i kommunen.**

## **7.10 Framtidige budsjettdokument / Framsikt**

Kommunen har no i to år nyttat den digitale plattforma Framsikt til å presentera kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, samt til rapportering på års- og tertialnivå. FrP/H opplever at det er krevjande å få ein god nok oversikt over budsjettdokumenta slik dei no vert presentert, og meiner at budsjettdokumenta frå 2022 må presenterast i eit samledokument (pdf-fil).

Framlegg til vedtak;

**Kommunestyret ber om at budsjettframlegget frå kommunedirektøren frå neste år av vert presentert som eit samla budsjettdokument.**

## **7.11 Velkomstklassen**

FrP/H ynskjer at ordninga med velkomstklasse vert evaluert i løpet av 1.halvår 2021.

Framlegg til vedtak;

**Kommunestyret ber om at det blir lagt fram sak til politisk handsaming der ein evaluerer ordninga med velkomstklasse for framandspråklege elevar i grunnskulen.**

## **7.12 Fastsetting av klimamål for Bjørnafjorden kommune**

Kommunedirektøren har som del av Budsjett 2021 / Økonomiplan 2021-24 lagt fram eit konkret klimamål for Bjørnafjorden kommune. FrP/H meiner dette målet må fastsetjast etter ei grundigare utgreiing, og finn det naturleg at dette skjer i KLEM-planen som skal vedtakast 2.halvår 2021.

Framlegg til vedtak;

**Kommunestyret tek stilling til klimamål for Bjørnafjorden kommune i samband med handsaminga av KLEM-planen for Bjørnafjorden kommune hausten 2021.**